


Invitasjon til samarbeidsforum – desentralisert ordning for kompetanseutvikling innan yrkesfag

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune inviterer til samarbeidsforum om kompetanseutvikling innan yrkesfag. Fylkeskommunen har eit ansvar for å definere og prioritere kva etterutdanningstiltak det er behov for å gjennomføra i samarbeid med arbeidslivet, lærarorganisasjonar, tilbydarar av kompetanseutvikling og andre relevante aktørar. Vi inviterer til samarbeidsforum i samband med dette arbeidet.

Informasjon om desentralisert ordning innan yrkesfag

Figuren viser at dei tidlegare sentrale satsingane på etterutdanning er erstattast med desentralisert ordning for kompetanseutvikling, både for opplæringa i skule og innan yrkesfagleg opplæring.



Føremålet med den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling i yrkesfaga er at bruken av sentrale midlar skal byggje opp under fylkeskommunens ansvar for kompetanseutvikling for målgruppene i yrkesopplæringa. Fylkeskommunen sett av midlar til desse områda:

- Kurs for prøvenemnder
- Kurs for faglege leiarar og instruktørar
- Hospitering i skule og bedrift
- Yrkesfaglærar 2 ordning

I møte vil de få meir informasjon om desentralisert ordninga, samarbeidsforum, intensjon og føringar vidare. I tillegg til dette informerer vi om pågående kompetanseutviklingsarbeid.

Informasjon om ordninga nytt følgjande lenke:

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/desentralisert-ordning/desentralistert-ordning-yrkesfag/>

Tema for møte i samarbeidsforum

Førebu deg til møte i dialog med organisasjonen du representerer. Reflekter gjerne over kompetanseutvikling i eit notids- og framtidsperspektiv.

Yrkesfagleg opplæring er likeverdig i skule og bedrift. Hovudmålgruppene for ordninga for yrkesfag er lærarar som underviser i programfag, prøvenemndsmedlemmer, faglege leirarar, og instruktørar som gir opplæring i bedrift.

- Framtida sitt kompetanseutviklingsbehov lokalt og for Vestland fylke
- Korleis kan behov for kompetanseutvikling og vidareutvikling løysast

Møtetidspunkt og innspel til samarbeidsforum

Tidspunkt: 16.oktober.2020

Klokkeslett: 12:00 - 15:00 (inkludert pausar)

Det er begrensa deltaking til to deltakarar pr. invitert aktør.

Stad: virtueltmøte

Fylkesdirektøren ber om tilbakemelding innan **08.september 2020** om kven som møter frå dykk, nytt lenkja for tilbakemelding:

<https://forms.office.com/Pages/ResponsePage.aspx?id=W5QUW4cP3UCs815elebrNtMHwWi3y0RCs3MbjZ-6NbhUQVNBNV0dXVVJCM040NE5LQk5ZNjBIN1pGOS4u>

Deltakarar vil i god tid før møte motta e-post med lenke til virtuelt møte.

Har du spørsmål, ta kontakt med Sissel Brusegård , telefon : 405 24 464

Tentativ møteplan samarbeidsforum DEKOM-Y 20-21

Ein ser føre seg at møta har ei ramme på inntil tre timer.

Dag	Dato
Tysdag	17.11.20
Tysdag	12.01.21
Tysdag	16.03.21
Tysdag	04.05.21